

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.	23	Fylke:	Oppland
Tilleggsspørsmålnr.		Herad:	Etnedal
Emne:	Bordskikk til hverdag	Bygdelag:	Heile bygda
Oppskr. av:	Lærer Martin Lundstein	Gard:	
(adresse):	Btuflat	G.nr.	Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. i samråd med Ingrid Sortungstad, Bruflat, Bondekone, 82 år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1
So langt ein kjenner til attende sat folk rundt kjøkkenbordet til alle måltid, når dei fekk mat.

2
Heile huslyden i lag med framan de arbeidsfolk, om slike var til stades, åt ved same bord i kjøkkenet. Oftast var husmori ikkje med, då ho skulle sjå etter og setta fram. Ho og kanskje den minste åt då etterpå, og slik er det nok den dag i dag. På større gardar var det ofte mange arbeidsfolk. Difor er det stort kjøkken på alle større gardar her.

3
Alle fekk mat på samme tid (sjå ovanfor) både huslyd og tenarar.

4
og alle fekk same slags mat. Likevel kunne ein inntil for 50-60 år sidan sjå 2-3 menn som sat ved eit serskilt bord, kanskje ut i kammerset og fekk litt betre og finare framsett mat. Det var handverkarar, skreddarar, skomakarar eller tømmermann. Dei skulle ha det litt finare enn andre arbeidsfolk. Men no tildags ser ein ikkje det meir.

5
Både før og no er kjøkkenet den vanlege spiesestad på gardana her.

6
Berre når der er gjester til stades, blir det dekket på ute i kammerset. Mannen i huset og kona med kanskje, sit då med ved bordet.

För hadde husbonden alltid sin faste plass ved bordet og for det meste no og. Dei andre sat gjerne kvar som helst

8

Me kjenner ikkje til at det har vore brukeleg her at barn har stande ved bordet og fått seg mat.

9

Benken inna bordet eller helst ved bordenden kalla dei i gamal tid högsetesbenken. (Her sa dei Heksetbenken). Der sat husbonden.

10

So vidt ein veit, er der no ingen hedersplass i eit moderne innretta rum.

11

För var folk ikkje nöye med å vaske hendene för dei gjekk til bords. No, frå siste århundraskifte, kan ein seia, vaska dei mest alltid hendene, når dei har stelt med jord,

gjödsel, stein el. lign. Utan om det, blir det som oftast ikkje gjort. Det er gamal skikk at alle manfolk tek av lua når dei går til bords. Ingen veit kor gamal den skikken er.

12

För brukte dei til dugursmaten, graut og mjölk, same fatet alle. Eit eller to grautefat og eit eller to mjölkefat var framsett etter so stor bordsetning der var. Ein kan seia at det vart slutt med det omkring 1880/90. Frå den tid har det vore brukt kvar sin grautetallerk og kvar sin mjölkekopp. Koppen var av steintøy, og hadde ikkje serskilt navn. Graut og mjölk blir som för ete på den måte at ein tek graut på skeie, duppar i mjölki og fører til munnen. Kafekoppen er mykje eldre enn mjölkekoppen

13

Ein kjenner ikkje til at det har vore brukt her å setja gryte med mat i fram på bordet, men opaust i fat. Er det gjester i huset lyt det brukast finare fat-steikefat.

14

Sild, kjøtt og fisk har her vore og blir ete på ymse måtar. Mest vanleg er å ta ein bit i munnen og eta bröd og potet til. Andre kan leggja det millom to flatbrödstykk-

kje, og ta bete for bete med potet til .Det er berre til middag, og ei sjelden gong til föredugurs at kjøtt, sild og fisk blir btukt.

15

Det har vore og er vanleg å ta sukkerbiten i munnen og drikke kaffe til. Ingen har nokon merkna å gjera til det

16

No ser ein sjeldan og aldri at nokon drikk kaffe av skälén. För säg ein det jamt, mest blant gamle.

17

Bruk av gaffel til dagleg i vanlege hushald skal her vera på lag 70 år gamalt ..

18

Ein veit ikkje av at mennene brukte tollekniven ved bordet. Det må ,om/sä er, vera lenge sidan.

19

Det kan no vera 60-70 år sidan at kvar hadde si skjei. treskjei, somme med to bokstava på , somme utan. Den sleikte dei av og turka av sjölve, stakk den i ei veggesprungle eller ei "skjeirekkje", som var spikra på veggen over bordet.

20

När porselen kom i bruk her, veit ein ikkje vist, men ein veit at tretalikka var i bruk her til omkring 1860, ved den tid tok fleire og fleire til å få tak i steintalikka, og utover frå den tid kom ~~dei~~ då litt etter kvart i staden for fellesfat til graut og vellings. s.v.

21

Berre i lag og gjestebo vart bordduk brukt i gamal tid. Heller ikkje no er bordduk i bruk til dagligdags.

22 På somme stader er voksdruk no i

bruk, ogso til daglegdags. Malte bord utan duk , er vel likevel det vanlegaste.

23

So seint som til pålag 1880 delte husmora på dei fleste stader ut maten. Her heite det å skifte. Det var kjøt og flesk, smör og ost, som soleis vart skifta. Ingen rekke-

4
fylgje .

24

Bröd har aldri vore skifta. Lompe ,vaffel og omnsbröds kivor med pålegg til kaffemat vart likevel skifta til vanleg.

25 Dei meinte at kvinnorne kunne greie

esg med litt mindre porsjonar enn mennene. Det vanlege var at alle fekk nokk. somestads var det slik at dei som vilde, kunne ta med heim det som var til overs. når dei var mette. På Lunde stelte ro av døtrene, Gunhild og Anne Maria kvar si veke. Husmennene held god greie på når Gunhildveka var, og når Anne Mariaveka var. Dei likte Anne Mariaveka best. Det var heller ikkje rådeleg med for liten porsjon. Det var dei som torde segja ifrå på ein eller annan måte. Ein av husmennene i Flögei sa ein gong, "Rart so fort augo åt ein kan forandre seg. I går kunne eg sjå Högberget gjenom osteskiva mi, men i dag kan eg mest ikkje sjå smör på bröd."

26

Det er ikkje vanleg at eit barn sit med til bords ,for dei i minsto er 3 år, og forsyne seg sjölve får dei som regel ikkje gjera for dei er i 5års alderen. Elles er det ingen fastregel for dette. Det er nok mora, som mest hjelper dei minste ved bordet.

27

Det var mykje brukt å tyggje åt barnet i gamal tid, men slikt har ingen her sett no på lengje.

28

I dei fleste heimane brukte dei för å lesa bordböner för og etter maten ,dels högt men mest lågt. I siste mansalder har skikken teke mykje av. Kristelegsinna folk brukar det framleis, og i mange heimar lærer mor eller far borni bordböner, som ein av dei, helst den minste si fram högt. Men dette er ikkje over alt. Sunge ved bordet blir det berre no ,når lag eller samkomor me d kristelig formäl er tilbords. Det blir då sunge eit vers för og etter maten. Elles er det ingen forskjel, om der er framande tilstades, det skulle då ,om so er, vera for presten då, eller ein emisær.

III

29

I gamal tid måtte det vera minst nøgeleg snakk ved bordet og slett ikkje noko upassande. Ein stad sag ein gut ut gjennom glaset og sa ": Far, der gjekk lensmannen forbi." Men då vart faren sinna og sa : " Eige du ikkje folkevit du då? segja noko slikt ,når me sidd og æd?" Nå snakkes der ved bordet som der imellom.

30

Me kjenner ikkje til om det var forbode å le ved bordet.

31-32

A syngje ved bordet vart nok för halde for eit verre brot enn både le og snakke. "Mannen viste ikkje at kona var galen ,förenn han höyrde ho song medan ho åt", var eit ordtöke. Til kvardags venta dei ikkje ved bordet til alle var ferdige, men gjekk når dei vilde. Ilag og når der var gjester, var der onnorleis.

33

Det vanlege er og har vore at framande arbeidsfolk takkar husmori for maten. Det er meir sjeldan å höyre at familielemmer og tenarar gjer det.

34

Ein framand, som kom inn medan folk åt, sa gjerne : "Signe maten No seie dei ": Vell bekomme", om dei i det heile seie noko då.

35

Ein framand som kom medan folk åt, vart ikkje beden tilbords, med mindre dei meinte at han trong det, hadde gått langt t.d.

36

Likeins om han kom til gards millom måli.

37

Om grannen eller ein annan kjem eit snögerend, er det ikkje ^{vanleg} nöye med traktemang, men elles er det vanleg at ein framand skal trakterast. Slik er det, og slik har det vore her so langt attende ein veit.

38

Kaffetraktering har vore og er det mest brukte. Men det stod ikkje kaffe ferdig stött, og gjer det ikkje no heller.

39

Er ein framand gjest or grannelaget eller ein gamal kjenning, kan han nok tredast med til bords på kjökkenet, Er det

6

"Storframand" eller "fine folk", lyt han sjölsagt ut i stua. Slike blir ikkje sette tilbords å leine. Husfaren og gjerne fleire av huslydener med til borås.

40 För var det god skikk å vera undselig og la seg nöde. No er det mest vanleg å koma med ei orsaking fordi han kjem til bry og besvær ell. lign.

41
I stua vil ikkje ein gjest bli sett til bords å leine, som sagt i svar no 39. I kjøkkenet kan han kanskje bli sett å leine til bords, om han kjem etter at dei andre er ferdige.

Dei som då er oververande og held han med selskap, kan sitja kvar som helst, men aldri med ryggen mot han, so vidt ein veit.

4985

NORSK ETNOLOGICK GRANSKING